

## FAKTA OG AKTUELL INFORMASJON OM ISRAEL

Israel er ein republikk i Vest-Asia (Midtausten). Grense til Libanon i nord, Syria i nordaust, Palestina (Vestbredden) i aust og Jordan i søraust, til Egypt i vest og Palestina (Gazastripa) i sørvest. Kyststripe mot Middelhavet i vest og Akababukta i sør. Det er eit av dei minste landa i Midtausten, med høg folkesetnadstettleik. Offisielle språk er hebraisk og arabisk.

I 2017 er folkesetnaden 8 680 000 millionar menneske. Det er meir enn ein ti-dobling sidan skipinga av staten Israel.

Det er eit lite land med varierte naturtilhøve, liggjande i den subtropiske klimasona. Landet vert gjerne delt inn i tre naturgeografiske hovudregionar: dei fruktbare kystslettene mot Middelhavet, høgde-partia mot Vestbredden og høglandet, og Jordsenkinga – som er del av Rift Valley. Nord-Israel har middelhavsklima med heite, tørre somrar og milde, fuktige vintrar; i sør er det steppa- eller ørkenklima, og lite nedbør. Landet har avgrensa naturressursar, men store menneskelege ressursar. Samstundes med den tidlege oppbygginga av ein moderne jordbrukssektor vart industri bygd ut. Soleis har teknologiutvikling skapt eit viktig grunnlag for vidare næringsutvikling.

## REISA

### Utreise

I god tid før reisa får du tilsendt informasjon om turen og deltakarliste med referansenummer som du brukar ved innsjekking.

**Møt opp minimum 2 timar før innsjekking.** Du må også ha passet ditt med for å kunne sjekke inn. Alle som reiser til Israel må ha maskinlesbart pass (der sida med bilde og info er av plast). Sjå Utanriksdepartementet sine sider om gyldigheitstid for pass:

[https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo\\_israel/id2417120/](https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/reiseinformasjon/velg-land/reiseinfo_israel/id2417120/)

Vår tilråding er at passet ditt er gyldig 6 månader etter heimkomst, då er du på den sikre sida. Norske statsborgarar får gratis turistvisum (B2) for ein periode på opptil tre månader ved innreise til Israel. Pass veldig godt på turistvisumet, det vert ikkje laga nytt om du mister det.

Når du har kome gjennom sikkerheitskontrollen, skal du gå vidare til oppgjeven gate. **Pass på å komme tidleg til gaten, helst 1 time før avreise, då det ofte er kø i passkontrollen før gaten.**

Det er også fint om du tek på deg namneskiltet, slik at reiseleiaren kan sjå at du høyrer til gruppa vår, og det vert elles lettare å få kontakt med andre gruppemedlemar frå starten av.

### Ankomst Israel

Du kan få problem ved innreise til Israel viss du har stempel frå Syria, Libanon, Iran eller Irak i passet ditt. Dette kan føre til at du vert avhøyrd før du får turistvisum. Ei stadfesting eller dokumentasjon på kva du har gjort ved reise til desse landa kan vere lurt, som for eksempel studiar eller jobb. Har du meldt deg inn i ein organisasjon som oppfordrar til boikott av varer frå Israel er det risiko for at du vert deportert attende til Norge. Etter passkontroll der du får turistvisum, **(pass på at du ikke mister dette!)** går du til bagasjeutlevering og hentar bagasjen din, no må du melde deg til reiseleiar før du går vidare mot utgangen. **Ingen må gå ut av bagasjehallen utan å ha meldt seg til reiseleiar!**

Ved utgangen i ankomsthallen på flyplassen i Tel Aviv står den lokale guiden vår og møter oss. Etter at alle har gått samla frå bagasjehallen saman med reiseleiarar, kan vi stoppe for å gå på toalettet, og ved minibanken for å ta ut pengar. Vi går vidare samla til bussen for avreise til hotellet.

## RÅD OG TIPS

### Prisnivå, tipsing mm

Lokal valuta er Israelske shekel og 100 shekel kostar 222.64 NOK (14.2.18). Vanlege kredittkort som Visa, Eurocard, MasterCard, Diners og American Express kan nyttast i ei rekkje butikkar og restaurantar. Normalt vil det òg vera mest gunstig å bruka kredittkortet til uttak av kontantar frå minibankar. Shekelen er delt i 100 agorot. Den minste mynten er ein 5-agorot mynt i koparar.

**Før du reiser må du sjekke at du ikkje har regionsperre for Asia på kortet ditt** (banken set ofte dette automatisk), har du det vil du ikkje få brukt kortet. Ring banken din om du er usikker på kva som gjeld for deg.

Normal tips er ti prosent og er ofte inkludert i rekninga, sjekk det før du betaler. I Israel er prisane stort sett normale, sett med våre auge. USD er ein grei valuta å veksle.

Du treng ikkje gje tips til taxisjåførar. Det er vanleg at kvar gjest gjev guidar og bussjåføren tips kvar pr. dag. Det er naturlegvis alltid ei frivillig sak å gje tips, men i Midtausten er det vanleg. For arrangement som er inkludert i reisa er det reiseleiar som står for tipsinga, utanom dette står kvar og ein fritt til å tipse på eiga hand. Tipsing skapar velvilje og god stemning.

### Tryggleik, Reiseforsikring, sjukdom, medisinar

Israel er å rekna som rimeleg trygt for turistar, men det er naudsynt at du fjernar deg kjapt frå stader der det er folkesamlingar eller vert helde spontane demonstrasjonar. Dei fleste reiser vert gjennomført utan spesielle problem.

Vêr førebudd på at det er tryggleikssjekk ved inngang til alle store offentlege bygningar, kjøpesenter og ved større stasjonar. Politiet er svært synleg i gatene, og frå tid til annan stansar trafikken fordi eit køyretoy skal sjekkast. Ver ikkje nervøs over desse tryggleiksåtgjerdene, dei vert gjennomførde for å sikra at alle kan ferdast trygt, ikkje fordi det er nokon fare. Me gjer og merksam på at de kan verte stoppa på open gate for rutinesjekk og må visa innhald i vesker og baggar til tryggleikspersonell, Ikkje motset deg det.

Det er kurant og enkelt å ta ut pengar frå minibank i Israel. Men der, som over alt elles, må du passe på at ingen ser deg over skuldra når du tastar inn koden, og takk nei til hjelp frå folk du ikkje kjenner.

**På reise i Israel er det svært viktig at du har ei gyldig reiseforsikring som gjeld for heile verda. Sjekk og at sjukehusopphald er dekket. Dette er særst viktig!**

Reseptfrie medisinar får du på apoteka som i Norge, har du faste medisinar du må ta, så må du sørge for at du har med deg nok til heile opphaldet, og at du har med deg erklæring frå lege (skreve på engelsk) på spesielle medisinar som du må ha.

**Vaksinasjonar:** Sjekk Folkehelseinstituttet sine heimesider, eller kontakt fastlegen din for oppdaterte vaksineråd for destinasjonen du skal til, i god tid før reisa. Nokon vaksiner fungerer ikkje fullgodt før det har gått ei tid. <https://www.fhi.no/sv/vaksine/reisevaksiner/aktuelle-reisevaksiner/>

**Brann:** På hotellet vil du finne oversikter over evakueringsvegar ved eventuell brann eller andre årsaker til evakuering. De må orientere dykk om desse og kvar næraste trapp er. De kan ikkje bruke heisen ved brann. De må ta dykk til resepsjonen, og evakueringsområdet, som vanlegvis er framfor hotellet. Dette vil reiseleiar seie noko om for kvart enkelt hotell. De skal møte ved evakueringsområdet og melde dykk til reiseleiar.

**Tryggleik i buss:** Der det er setebelte skal desse brukast. Hald dykk i ro i bussen i fart, om ikkje anna skulle tilseie dette (toalettbesøk eller liknande).

**Tryggleik i trafikken:** Ver merksame på at trafikkkulturen ikkje er lik som i Norge, vis aktsemd når du kryssar gatene.

Taxi er trygt og relativt rimeleg, men hugs å avtala pris på førehand dersom det ikkje er takstameter i bilen, sjåføren legg som regel til tips i prisen.

**Verdisaker:** Gå ikkje rundt med synlege dyre smykke, det kan verte ei for stor freisting for einskilde. Pass godt på veska, og ha ikkje lommebok i baklomma, eller mobil på ein stad det er lett å stele den. Vi opplever svært lite kriminalitet på våre destinasjonar, men det er alltid lurt å vere føre var! Verdisaker bør ikkje etterlatast opent på hotellrom. Bruk safen på hotellrommet. Ha til kvar tid på deg legitimasjon, pass eller eventuell fotokopi av pass.

#### **Sanitære tilhøve:**

Dei sanitære tilhøva er stort sett sær gode i Israel. Det medfører som regel ingen problem å eta salat. Vatn frå springen kan drikkast, men me tilrår flaskevatt.

#### **Skikk og bruk**

Israel er generelt eit moderne, internasjonalt prega samfunn, og det er ikkje nokon bestemde reglar eller retningslinjer for påkledning eller åtferd. Ved besøk på heilage stadar, er det viktig at du er kledd slik at kne og skuldrar er dekt.

#### **Nyttige telefonnummer**

Lokale nødnummer. Politi: 100 Ambulanse: 101. Brann: 102.

I krise og naudsituasjonar vert norske borgarar råda til å kontakte den norske ambassaden i Tel Aviv på telefon +972 3 740 1900. Ambassadens sentralbord er opent måndag - torsdag: 08:30 - 16:00 og fredag: 08:30 - 15:00.

Utanom kontortidene kan ein ringe til UDs døgnoperative senter direkte på +47 23 95 00 00 eller per e-post: [UDops@mfa.no](mailto:UDops@mfa.no)

#### **Telefon, internett (wifi) og straum**

Retningsnummeret til Israel er +972. Telefon- og mobilnettet er stabilt men kan nok opplevast som noko tregare enn i Noreg. Landkode frå Israel til Noreg er 0047. Det er gratis wifi på hotellet vårt, og dessutan på mange kafear og restaurantar. Israel har 220 volt og støpsel likt som i Norge.

#### **Tidsforskjell**

Israel ligg som hovudregel éin time føre norsk tid, men skiftar mellom vinter- og sommartid på anna tidspunkt. Israelsk sommartid gjeld frå slutten av mars til byrjinga av september.

VI YNSKJER DYKK EI GOD REISE – OG MANGE GODE OG MINNERIKE OPPLEVINGAR SAMAN MED OSS!

Helsing oss i Fotefar Temareiser



## Verstatistikk Israel

	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
<b>Jerusalem</b>												
Dagstemperatur	12	13	16	21	25	28	29	29	28	25	19	14
Nattemperatur	6	6	8	13	16	18	19	20	19	17	12	8
Nedbør (mm)	133	118	93	25	3	0	0	0	0	15	61	106